

STORSKARV I GRØVUDALEN

Laurdag 12. august 2000 dro 10-åringen Iver og eg til Grøvudalen (Sunndal) med telt. Vi dreiv og grilla like ved Gammelsetertjønna, 850 meter over havet, da Iver utbraut: Sjå pappa, ein skarv! Kanskje ikkje så underleg ein kommentar sidan vi hadde sett fleire skarvar ved Meløya i Tingvollfjorden tidlegare på dagen. Men her var det meg bekjent aldri sett skarv tidlegare. Eg vrei hovudet og fekk eit lite glimt av ein stor svart fugl som forsvann i glideflukt bak ein liten haug som skilte oss frå tjønna. Etter å ha åla meg opp på den vesle haugen måtte eg vedgå at tiåringen hadde rett, for i tjønna låg ein vaksen storskav og svømte. Han kikka seg rundt på auren som vakte og gløtta ned i vatnet der botnen stort sett er dekt av kransalar. Truleg eit litt uvant miljø for denne karen. Dette var kl. 1930. Seinare gjekk fuglen opp på land og stella seg. Neste dag var han der fortsatt, han dukka iherdig, men forsvann sidan. I 11-tida såg vi frå fjellet at han kom inn for landing i Gammelsetertjønna att, men da vi ko ned att i 14-tida var han borte. Det viste seg da at ein antatt skarv var observert i Nysetertjønna litt lengre nede i dalen fredag 11. august om ettermiddagen (kjelde: Tor Helge Gravem), og same kveld i Gammelsetertjønna (kjelde: Øivind Leren).

Her hadde altså ein storskav hatt tilhald i ein fjelldal på 850 meters høgde i minst tre dagar, og det er såvidt eg veit den første observasjonen av skarv i Grøvuvassdraget. Arten er skoten på Dovre i 1916, og ubestemt skarv er sett i Gjevilvatnet ca. 1976 (Bevanger & Jordal 1981), men fjellobservasjonar er det etter det eg har erfart svært sparsamt med her i fylket. I Oppland er det ein del innlandsobservasjonar av storskav, også i fjellet (NOF Oppland 1998), så fenomenet er i landssamanhang ikkje så uvanleg. Likevel var det ein observasjon som eg fann å ville dela med Rallus sine leesarar.

Bevanger, K. & Jordal, J. B. 1981: Fuglefaunaen i Drivas nedbørfelt, Oppland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylker. Kgl. norske Vidensk. Selsk. Museet, rapport Zoologisk serie nr. 1981-7. 145 s.

Norsk Ornitologisk Forening, avdeling Oppland, 1998: Fugler i Oppland. 281 s.

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
tlf./faks: 71 69 54 45
epost: bjjordal@online.no

*